Fylkesmannen i Hordaland



# Våga vi å bruke virkemidla i verktøyskuffa?

## Bruk av lovverket til å ta vare på leveområda for elvemusling

Magnus Johan Steinsvåg

*Alle fotos © M.J.S. om ingen andre nemnt*

Nasjonalt elvemuslingseminar
Bergen, 13.-14. november 2018

# Elvemuslingen skal bergast

Nasjonal mål

- «Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast»
- Elvemusling **ikkje prioritert** art etter naturmangfaldlova § 23
- Men nasjonale miljømål, signerte avtalar og forvaltingsmål for artar i naturmangfaldlova § 5 **forpliktar**

Fylkesmannen i Hordaland




| Status | |
|---|---|
| Livskraftig | 2 |
| Trua | 1 |
| Kritisk trua | 12 |
| Utrydda | 9 |
| | 24 |

# Influensområde til ein elvemuslingpopulasjon




Aktivitetar i nedbørsfeltet
30. mars 2011

# Trugsmål: utbygging utan miljøomsyn






- Sprenging og gravearbeid fører til jord – og steinpartiklar hamna i sidebekk til Mjåtveitelva
- Vedvarande tilslamming av Mjåtveitelva


Mjåtveitelva 30. mars 2011

# Bergingsaksjon i Mjåtveitelva vart gravferd



Fylkesmannen i Hordaland

# Løfta blikket og sjå heilskapen…

## Nedbørsfeltet er utgangspunktet !



Frå innsamling av elvemuslingar frå Loneelva, Osterøy 9. april 2014

Fylkesmannen i Hordaland

# Plan- og bygningslova

Viktig for å ta vare på leveområde for elvemusling

Aktuelle verkemiddel:

- Arealføremål
- Hensynssoner
- Retningslinjer

Situasjon og plannivå avgjer verkemiddel og kombinasjonar av desse

Tydeleggjering av elvemusling i kommuneplan sikrar større fokus i reguleringsplan

Fylkesmannen i Hordaland

# Kommuneplan



100-meters beltet langs sjø og vassdrag skal takast eit særleg omsyn (PBL § 1-8):

> *«for områder langs vassdrag som har **betydning for natur-** kulturmiljø- og friluftsinteresser, skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5. vurdere å fastsette grense på **inntil 100 meter** der **bestemte angitte tiltak** m.m. **ikke skal være tillatt»***

# Virkemiddel på kommuneplannivå

- *LNF (R) – Generell for landbruk, natur og friluftsområde
- *Bruk og vern av sjø og vassdrag § 11-7 nr 6 med underføremål «naturområde»
- Grønstruktur med underføremål «naturområde» § 11-7 nr 3
- Hensynssone § 11-8 bokstav c

*Kan gjevast **juridisk bindande bestemmelsar** for LNF og bruk
og vern av sjø og vassdrag om spesifiserte tiltak inntil
100 m frå vassdrag jf § 11-11 nr 5

Forbodet i 100 m sona må vere konkret retta mot spesifikt tiltak

Fylkesmannen i Hordaland

# Reguleringsplan



- Same arealformål som i kommuneplan
- Kan dele eller samla LNF- Landbruk, natur eller friluftsliv. Naturføremål.
- Kombinere hovudføremål: t.d. grønstruktur og bruk og vern av vassdrag =blå/grøn struktur
- Juridisk bindande hensynssone § 12-7 nr 6 «*for å sikra viktige naturtypar og annan verdifull natur*».

Kan gje juridisk bindande bestemmelsar både til arealføremål og hensynssoner

Bestemmelsar som forbyr inngrep og tiltak som kan gje avrenning eller på andre måtar skadar elvemusling eller påverkar livsmiljøet negativt

Fylkesmannen i Hordaland

# 3 meter frå elvemuslingvassdrag



Strilen Nyheiter Kultur Sport Meiningar Magnus J | Meny

Nyheiter

# Skummet flaut i bekken på Mjåtveit. Brannvernet har lagt ut lenser

OPPDATERT: 22.OKT.2018 09:13 | PUBLISERT: 21.OKT.2018 15:19



FOTO: Kjetil Tufte

Hei !
Sender informasjon til dere ang utslippet av kjemikaler fra en 1000 liter tank med vaskemidlel som blir brukt i industrien i Mjåtveit næringspark lørdag 20.10.18. tanken ble skadet av en trukk slik at det randt ut 1000 l.
i grunnen. Brannvesenet ble varslet av undertegnede lørdag kveld og kom til stede umidelbart og det ble lagt ut en lense i bekken,politiet ble varslet og kom tilstede samme kveld.
Søndag ble teknisk etat i Meland kommune kontaktet og de fant årsaken i samarbeid med politet.
Politet har opprettet en sak på hendelsen.
Kloppedalsbekken (side bekk til Mjåtveitelven) var totalt fult med skum, denne bekken renner videre ut Mjåtveitelven.
Vi forventer at firmaet som står ansvarlig for utslippet blir pålagt og rense opp i fangdammene og ta vannprøver/ bunnprøver og en konsekvens-annelyse i vassdraget.

Se link under.

https://www.strilen.no/nyheter/i/WLM7VL/Skummet-flaut-i-bekken-pa-Mjatveit-Brannvernet-har-lagt-ut-lenser

Mvh
Mjåtveitelvens forening
Kjetil Tufte.

# Korleis bruke skogsmaskinar og få ut tømmeret utan tilslamming og næringstilsig til elva?



- Skogbehandling mot vatn og vassdrag er regulert i lov om skogbruk § 6 og forskrift om bærekraftig skogbruk § 5

- Avrenning frå skogbruk er en velkjent problemstilling og er derfor eit eige kravpunkt i PEFC skogstandarden

- Om ein hogst kan få uheldige verknader for miljøverdiane, kan kommunen **nekte hogsten** eller **setje vilkår** for gjennomføring skoglova § 8 andre ledd.

Foto: © Magnus Johan Steinsvåg

Fylkesmannen i Hordaland

# Næringsemne frå hogstavfall og avrenning




Fotos: Olav Overvoll / Fylkesmannen i Hordaland ©

# Avrenning frå skogsveg



Fotos: Olav Overvoll / Fylkesmannen i Hordaland ©

Kvernavatnet på Storebø i Austevoll:

Store delar av nedbørsfeltet hogd for sitkagran i 2013




Nasjonalt «elvemuslinghotell» for trua bestandar

Fylkesmannen i Hordaland

# Mykje hogstavfall og tydeleg eutrofiering i bekk som renn inn i Kvernavatnet i 2013







Fotos: Per Johan Jakobsen/ UiB ©

Fylkesmannen i Hordaland

# Mykje nedbør i 2017…
# …og alle år eigentleg




Fotos: Per Johan Jakobsen/ UiB ©

Fylkesmannen i Hordaland

# Kvernavatnet oktober 2017: Blågrønalger og cyanobakterier

Fleire årsklassar med elvemuslingungar tapt pga dårleg vasskvalitet / giftig vatn i 2017

Årsak: næringsavrenning frå hogst



Fotos: Per Johan Jakobsen/ UiB ©

# Skogsdrift og omsyn



Fylkesmannen i Hordaland

# Korleis kan vi bli betre?

**Betre planlegging av skogbrukstiltak:**

- Skogeigar har eit sjølvstendig forvaltaransvar etter Skoglova § 4
- Krevjande å planlegge og vurdere hogst / avrenning
- Bør vurdere bruk **meldeplikt** etter skoglova § 11 i sårbare områder Kommune og Fylkesmannen mynde (ikkje skogeigar åleine)
- Meldeplikt: Skriftleg melding frå skogeigar om tiltak. Kommunen svare innan 3 veker.
- Dialog og rettleiing
- Elvemusling og avrenning tema i skogbruksplanar



Nedbørsfelt til Fjordbekken i Fitjar kommune

Fylkesmannen i



Fylkesmannen i Hordaland

# Miljøplan Elvemusling

- Informasjon om elvemusling
- Konkret vurdering av areal og drifta på garden
- Konkrete råd for redusert landbruksavrenning

✓ Miljøplan elvemusling er gratis

✓ Ikkje utarbeidd for alle gardbrukarar

✓ Prioritering ut frå risiko, avstand, driftsform, topografi i høve aktuelt vassdrag

## Miljøplan trinn 2 – *Elvemusling*

| | |
|---|---|
| Eigar: Olav Botnevik | Gardsnamn: Kuven |
| Kommune: Os | Gards/bruksnr: 54/6 |



Miljøplan trinn 2 – *Elvemusling*, er ein skjøtselsplan for jordbruksverksemder som driv jordbruksareal i tilknyting til vassdrag som inneheld elvemusling. Miljøplanen set fokus på korleis jordbruksaktiviteten til føretaket kan utførast på eit vis som tek omsyn til levevilkåra til elvemuslingar. For å kompensera for eventuelle driftsulemper dei føreslegne tiltaka kan medføra, er somme at tiltaka er kopla opp mot miljøavtale og tilskotsordninga RMP.

**Miljøplanen Inneheld:**

- Generell omtale om elvemusling og stoda i vassdraget
- Miljømålsetjinga til garden
- Samanfatting av viktige tiltak
- Vedlegg



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland

# Miljøavtale Elvemusling

- Frivillig avtale
- Basert på «Miljø**plan** Elvemusling»
- **Signert avtale:**
  - Forpliktar seg til definerte <u>krav</u> om miljøomsyn
  - søkje miljøtilskot i landbruket (RMP)
- Tilskotsordning **proporsjonal** med «kostnadane/ulempene» med miljøtiltaka



Fylkesmannen i Hordaland

## Miljøavtale Elvemusling 2014 - 2016

Formål: Bidra til betre levekår for elvemusling ved å fremje miljøvenleg bruk av gjødsel, og redusere avrenning av næring, jordpartiklar og plantevernmiddel i jordbruket

Å bidra til betre levekår for elvemusling ved å fremje miljøvennleg bruk av gjødsel og å redusere avrenning av næring, jordpartiklar og plantevernmiddel frå jordbruket.

### Avtalen

Avtalen gjeld areal som føretaket disponerer innanfor nedbørsfeltet til det aktuelle vassdraget, både eige og leigd areal. Tiltaka skal vere omtalt i miljøplan trinn 2 og vere teikna på miljøplankartet. Tal daa kjem fram av «Miljøplan elvemusling» som er utarbeidd av Norsk Landbruksrådgiving Hordaland. Tiltak gjeld grasdyrking til slått og beite. Ved frukt, bær, grønsaker, potet og anna jordbruksproduksjon kan det bli aktuelt med tilleggskrav.

Signert avtale for alle vilkåra gjer at ein kan søkje tilskot gjennom Regionalt miljøprogram.

### A. Gjødsling – mengd og type

På teigar med mykje fosfor i jorda blir det sett ei øvre grense for kor mykje fosfor ein kan tilføre. Fosforinnhaldet blir målt som lettløyseleg fosfor (P-AL), oppgitt i resultat frå jordanalyse.

- Når fosforinnhaldet i jorda er høgare enn P-AL 14: Føretaket kan maksimalt tilføre 3,0 kg fosfor pr. dekar, samanlagt frå husdyrgjødsel og mineralgjødsel heile sesongen.
- Når fosforinnhaldet i jorda er høgare enn P-AL 20: Føretaket bør tilføre *mindre* enn 3,0 kg fosfor pr. dekar og pr. år.

Føretak som inngår miljøavtale må ha gjødslingsplan som sikrar at krava blir følgd. Mellom anna ulik vassinnblanding gjer at aktuelle husdyrgjødselmengder må bli berekna for kvart føretak.


Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 20 09

Postboks 7310, 5020 Bergen
Telefaks:
Org.nr. 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

# Miljøavtale Elvemusling




Nøkkeltal for 2017:

- Ugjødla randsone mot vassdrag: 33 gardsbruk og totalt 15 926 m
- Redusert/kontrollert gjødsling eng: 3 368 da
- Totalt kr 628 079 kr i tilskot 2017

Lonevassdraget i Osterøy kommune. Både auremusling og laksemusling

Fylkesmannen i Hordaland

# Oppsummering

- Nasjonal mål om å ta vare på elvemusling

- Plan- og bygningslova må brukast!
  - ✓ Standard: fastsetje 100 m grense mot vassdrag der tiltak ikkje skal vere tillate
  - ✓ gi arealformål og bindande bestemmelsar som sikrar vasstreng og viktige landområde mot inngrep

- Meir rettleiing og dialog i skogbruket:
  - ✓ Fylkesmannen saman med kommunar vurdere trong for meldeplikt 100 m frå vassdrag etter skoglova § 11
  - ✓ Omsynet til elvemusling takast med i langsiktige skogbruksplanar

- Vi må våge å bruke verkemidla våre !

Foto: Magnus Johan Steinsvåg ©



# Takk for meg!

*Og takk til:*

Per Johan Jakobsen

Olav Overvoll

John Haugen